



Stipendiat i Stabil isotop geokjemi / K.G. Jebsen-senter for dyphavsforskning

Stipendiat

Ved Institutt for geovitenskap er det ei ledig stilling som stipendiat i stabil isotop geokjemi. Stillinga er for ein åremålsperiode på 3 år, knytt til K.G. Jebsen-senter for dyphavsforskning.

Om prosjektet/arbeidsoppgåver:

K.G. Jebsen-senter for dyphavsforskning fokuserer på multidisiplinær forskning i arktiske djuphavsområde. Senteret organiserer årlige djuphavsekspedisjonar for å studere geologi og biologi ved midthavsrygger. Under forskningstokta vert det samla inn data og prøvemateriale ved bruk av moderne undervatnsfartøy.

Stipendiatstillinga er retta mot eksperimentelle forsøk for å avgjere fraksjonering av stabile kopar-isotopar i hydrotermale system. Dette arbeidet skal dann ein grunnleggande bakgrunn for tolkinga av forholdet mellom kopar-isotopar målt i hydrotermale avsetningar, og forbetre vår forståing av prosessane som skjer under havbotnen og som fører til danninga av mineralressursar på havbotnen. Kandidaten skal utføre eksperimenter i eit hydrotermisk laboratorium, måle kopar-isotopar ved hjelp av ein "multi-collector" ICP-MS, og integrere eksperimentelle resultat med data frå bergart- og væskeprøver frå forskjellige hydrotermale system.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må ha oppnådd mastergrad eller tilsvarande i geokjemi eller marin kjemi, eller ha levert masteroppgåva til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at mastergraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- Kunnskap om stabil isotop geokjemi er eit krav.
- Praktisk erfaring med ionebyttekromatografi, arbeid i en ren lab og analyser med "multi-collector" ICP-MS er eit krav.
- Kunnskap om hydrotermale system og mineral avsetningar på havbotnen er ein føremon.
- Erfaring med forskningstokt og skipsbasert geokjemisk labarbeid er ein føremon.
- Søkjarar må kunne arbeide sjølvstendig og strukturert og ha gode samarbeidsevner.
- Søkjarar må ha gode skriftlege og munnlege engelskkunnskapar.
- Personlege og mellommenneskelege eigenskapar vil bli lagt vekt på. Ambisjonar og potensial vil også telle ved vurdering av kandidatane.

For stillinga gjeldt følgande:

Om stipendiatstillinga:

Samla stipendperiode er 3 år.

Om du tidlegare har vore tilsett i rekrutteringsstilling, kan det bli gjort frådrag i tilsetjingsperioden.

Om forskarutdanninga

Som stipendiat skal du delta i eit godkjent utdanningsprogram for ein ph.d.- grad innanfor ei tidsramme på 3 år. Endeleg plan for gjennomføringa av forskarutdanninga skal vere godkjent av fakultetet innan to månader etter at du har teke til i stillinga. Det er ein føresetnad at du [fyller krava for opptak til ph.d.- studiet](#) ved Universitetet i Bergen.

Vi tilbyr:

- eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- løn etter lønssteg 54 (kode 1017 /LR20, alternativ 10) i det statlege lønnsregulativet. Dette utgjør ei årsløn på kr 479 600,- brutto. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- gode velferdsordningar

Søknaden skal innehalde:

- Ei kort utgreiing om søkjaren sine forskningsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga
- CV
- Namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar, ein av desse bør vere hovudrettleiaren frå masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve.

- Karakterutskrifter og vitnemål for bachelor- og mastergrad, alternativt ei stadfesting av at mastergradsoppgåva er levert
- Relevante attestar
- Eventuell liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste)
- Eventuelle publikasjonar

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i Jobbnorge.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

Dr. Desiree Roerdink, Department of Earth Science, UiB, Desiree.Roerdink@uib.no, +4755583859.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning.

Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Kunnskap som formar samfunnet

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet består av sju institutt og en rekke sentre. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 176712, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut